

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.11.2020

Fylkesdirektør gav slikt svar:

I forkant av møtet i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering 25.11.20, sendte Symphorien Pombe (SV) inn 3 spørsmål til PS 156/20 og 1 spørsmål til PS 160/20. I det følgjande vert kvart spørsmål svara på:

PS 156/20: Ekstraordinære midlar til ordinær kulturaktivitet som er råka av koronarestriksjonar. Fordeling 2020

Spørsmål 1.

Kan ein lage ei oversikt over tildelingene i saken som viser fordeling av tilskot i forhold til Bergen - distrikt, gamle Hordaland og gamle Sogn og Fjordane?

Det er eit mål for Vestland fylkeskommune at det skal vere gode kultur- og idrettstilbod over heile fylket. Men det er den enkelte kommune som har hovudansvaret for dei lokale kulturtilboda til sine innbyggjarar i sitt område. Fylkeskommunen har eit ansvar for det som har regional og fylkesfemnande kulturverdi. Difor er desse søknadane som administrasjonen anbefaler at KULII skal gje tilskot til vurdert til å ha verdi for heile eller større deler av fylket. Det kan vere at det dekker eit større geografisk område konkret, eller at det har ein verdi over et større område på grunn av sin unike posisjon innan eit felt.

I det følgjande er liste med oversikt over kor organisasjonen / verksemda har kontor (poststad i Brønnøysundregistrene) med oversikt over tal på søknader innan dei ulike områda og tilrådingar. Opplysning av poststad vil ikkje alltid gje eit riktig bilete av kor aktiviteten vil gå føre seg, fordi denne er regional. I tillegg er det i nokre tilfelle tilrådd midlar til regionale paraply- og nettverksorganisasjonar innan frivillig sektor og idrett og friluftsliv. Kriteria for ordninga har opna for at slike organisasjonar kan vidareformidle midlar til sine medlemmer der søknaden inneheld føremål og plan for slik vidareformidling.

Søknadar frå frivillig kulturliv:

	Poststad Bergen	% Poststad Bergen	Poststad utanfor Bergen	% Poststad utanfor Bergen	SUM
Tal søkjarar	24	44 %	30	56 %	54
Tal tilråding	11	42 %	15	58 %	26
% tilrådde søknader	46 %		50 %		

	Poststad Hordaland	% Poststad Hordaland	Poststad Sogn og Fjordane	% Poststad Sogn og Fjordane	SUM
Tal søkjarar	43	80 %	11	20 %	54
Tal tilråding	21	81 %	5	19 %	26
% tilrådde søknader	49 %		45 %		

Søknadar frå profesjonelt kulturliv:

	Poststad Bergen	% Poststad Bergen	Poststad utanfor Bergen	% Poststad utanfor Bergen	SUM
Tal søkjarar	50	60 %	33	40 %	83
Tal tilråding	30	56 %	24	44 %	54
% tilrådde søknader	60 %		73 %		

	Poststad Hordaland	% Poststad Hordaland	Poststad Sogn og Fjordane	% Poststad Sogn og Fjordane	SUM
Tal søkjarar	68	82 %	15	18 %	83
Tal tilråding	45	83 %	9	17 %	54
% tilrådde søknader	66 %		60 %		

Søknadar frå idrett og friluftsliv*:

	Poststad Bergen	% Poststad Bergen	Poststad utanfor Bergen	% Poststad utanfor Bergen	SUM
Tal søkjarar	19	50 %	19	50 %	38
Tal tilråding	19	56 %	15	44 %	34
% tilrådde søknader	100 %		79 %		

	Poststad Hordaland	% Poststad Hordaland	Poststad Sogn og Fjordane	% Poststad Sogn og Fjordane	SUM
Tal søkjarar	32	84 %	6	16 %	38
Tal tilråding	28	82 %	6	18 %	34
% tilrådde søknader	88 %		100 %		

*Tal i tabellen inkluderer poststad til alle søknadane frå Vestland idrettskrets.

Spørsmål 2.

Kva som ligger i administrasjons grunngjeving i alle kolonner som søkerne fikk administrative avslag for «Ein heilskapleg vurdering av søkjarmassen gjer at denne søknaden ikkje kan prioriterast i denne ordningen ?».

Det har vore ei særdeles kort sakshandsamingstid i denne saka. Difor har det vore naudsynt å bruke nokon standardformuleringar i oversikta. Kvar søknad har likevel fått ei individuell vurdering opp mot dei kriteria som KULII tidlegare har vedteke for midlane (PS 107/20 i møte 16.09.20). Vurderingspunkt har vore regional kulturverdi, om søkjar har motteke driftsstøtte 2020, om verksemda / tiltaket ikkje fell inn under statlege eller andre kompensasjonsordningar, kor stort behovet for ekstraordinære midlar er for å gjennomføre den aktuelle aktiviteten/tiltaket, og til slutt konsekvens av inntektsbortfall.

Spørsmål 3.

Er det på grunn av nåværende koronapendemien eller bare manglende midlere som gjør at administrasjonen begrenser kulturopplevelser i distrikt?

Administrasjonen kan ikkje sjå at dei avgrensar kulturopplevingar i distrikt. Fylkeskommunen er opptatt av at det skal vere eit godt kulturliv i alle deler av fylket - sjå svar på spørsmål 1. Når det gjeld tilrådingar av midlar til by og distrikt er det også avhengig av kven som i utgangspunktet søker.

PS 160 Utgreing felles mangsiner for musea i Vestland kommune**Spørsmål 4.**

Er det god regional kulturstrategi at Vestland fylkeskommune fraskriver ansvaret ved å la musea sjølv byggjer og eig fellesmagasin, og gjer kort greie for kva konsekvensar dei to alternativa til organisering av etablering av eit framtidig museumsmagasin har for prosjektstyring, økonomistyring og medverknad av aktørane?

I samsvar med nasjonal kulturpolitikk meiner fylkesdirektøren at «armlengdes avstand» vil vere eit viktig prinsipp for ein god regional kulturstrategi. I den politiske saka om museumspolitik i Vestland, [PS 159/20](#), peiker Fylkesrådmannen på musea sin autonomi og ynskje om å fremje frie institusjonar som ein føresetnad for debatt, danning og fellesskap. Offentlege løyvingar til sektoren vert gjeve utan politiske bindingar som avgrensar samlingsforvaltinga, utstillingsproduksjonen, formidlinga eller andre deler av musea sine verksemdar. Det vil seie at musea har eit sjølvstendig ansvar for heile verdikjeda, frå innsamling, avhending og forsvarleg oppbevaring av gjenstandar. Fylkesrådmannen meiner difor at musea sjølv må identifisere gode fellesløysingar knytt til magasin

og bevaringstenester. Med prinsippet om armlengds avstand er det heller ikkje naturleg at fylkeskommunen tek på seg eigar- eller utbyggjaransvar for tiltaket.

Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen skal saman med stat og kommunar vere med å styrke musea i høve drift og investering. Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen ikkje skal fråskrive seg ansvar, men tilrår ei meir prinsipiell innretting på korleis vi kan styrke av musea. Uavhengig innretting vil dette krevje politisk prioritering i budsjett. Fylkesrådmannen syner til [PS 160/20](#), der prinsipielle spørsmål til fylkeskommunen sin rolle er drøfta vidare. Fylkestinget fatta i juni 2020 vedtak om å oppretta ei tilskotsordning for kulturarenaer med regionale funksjonar.

Fylkesrådmannen sin vurdering er at det er denne ordninga som bør utviklast til å imøtekoma behova for arenaer på heile kulturområdet. Som regional utviklar vil fylkeskommunen på sikt kunna oppnå betre resultat som tilskotsgjevar enn som byggherre og eigar av utvalde anlegg.